




Rettleiar for nærvær og fråvær i barnehage og skule

Suldal kommune 2022-2026



Mynde til godkjenning og revidering: Kommunalsjef for oppvekst har mynde til å godkjenna og rullera denne rettleiaren. Rettleiaren skal rullera kvart år, og reviderast kvart fjerde år.

Rettleiaren skal distribuerast til: Alle einingsleiarar innan oppvekst, samt einingsleiar helse og rådgjevar i stab oppvekst. Einingsleiarane skal distribuera vidare til sine tilsette.

Rettleiaren er for: Einingsleiar, PPT, Helsesjukepleiar, barne-og familieteam, pedagogar i barnehage og skule,

Rettleiaren har vore på høyring til: Skular, barnehagar, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, erfaringskonsulentar BTI, helsestasjon, SLT-koordinator, Indre Ryfylke barnevern, Indre Ryfylke PPT og kommunepsykolog.

Verktøy: Fleire av verktøya har me, med godkjenning, henta frå rettleiaren til Færder kommune.

Sist godkjent: 10. april 2022 av kommunalsjef for oppvekst Ingebjørg Rullestad Gjerde

INNHALD

Innleiing	4
Definisjon av skulevegning:.....	4
Målsetjing	4
Oppbygging av rettleiaren.....	4
Når skal skule og heim kjenna uro knytt til fråvær?	5
Når skal barnehage og heim kjenna uro knytta til fråvær?	5
Kva kjenneteiknar ein god nærvær barnehage-og skule.....	5
Førebygging og tidleg innsats.....	6
Tidlege teikn på urovekkjande fråvær:	6
Ulike årsaker til skulefråvær	8
Risiko og faktorar som beskyttar	9
Tiltakstrapp - Kva gjer me trinn for trinn etter BTI-modellen.....	10
Nivå 3 - Tverrfaglig team vert etablert - vurderer ny stafetthaldar.....	10
Nivå 2 - Jobb i tverrfagleg samarbeid	10
Nivå 0 - Definer uroa til leiar og snakk med eleven og føresette same dag	10
Nivå 1 - Møte med elev, føresette, kontaktlærer og leiing - innan 1 veke	10
Kva kan dei ulike hjelpe-/støttetenestene bidra med inn i samarbeid ikring fråvær frå barnehage og skule?..	11
Helsestasjon- / Skulehelsetenesta:.....	11
PPT - pedagogisk psykologisk teneste:.....	11
Barne-og familieteam.....	11
Barnevernet.....	11
Fastlegane	12
LOS- Prosjektstilling.....	12
Nyttige lenker og litteratur.....	13

Innleiing

Suldal kommune er ein BTI-kommune. Det betyr at me skal vera gode på tidleg innsats, koordinerte tenester og ikkje minst involvering av barn og føresette når me kjenner på ei uro for barn eller unge. Alle tilsette i barne-, hjelpe- og vaksentenestene skal jobba etter same modellen: BTI-modellen.

Denne rettleiaren gjeld urovekkande fråvær i barnehage og skule. Når fråværet vert høgt og eit barn viser sterke stressreaksjonar ved levering i barnehagen eller når det kjem på skulen, vil det vera naturleg at det oppstår ei uro hos føresette og tilsette. Uroa kan vera diffus og vag, og det kan vera vanskeleg å vita korleis ein skal handtera uroa. Det er viktig at den ikkje blir bagatellisert. BTI-modellen skal vera til hjelp både for barnehagen/skulen, men ikkje minst barnet eller ungdommen sjølv. Barnehage- eller skulevegring handlar ikkje om barn som ikkje "gidd" å gå i barnehagen/ på skulen. BTI-modellen skal hjelpa oss til å utforska det som ligg bak, og ikkje minst undra oss i lag med barna. Ei åtferdsending er alltid eit varsel om noko. Har det skjedd noko i familien i det siste? Har det skjedd noko personalet ikkje har fått med seg? Kva er viktig for barnet sjølv?

Det er ulikt lovverk, og med det også ulik kultur for fråvær i barnehage og skule. I barnehagen har ikkje barna møteplikt. I skulen har elevane møteplikt til alle timar på alle årstrinn. Dette er ein stor skilnad, og det er viktig at føresette og tilsette har ein medviten haldning til fråvær for å sikra ein trygg og god overgong både i barnehage og skule.

Det er ikkje eit formål at ein skal jobba med absolutt møteplikt i barnehagen. Av og til har barnet godt av å ha ein fridag med familien, eller å møte litt seinare på morgonen. Dei fleste barnehagebarn treng ein god balanse mellom heim og barnehage. Likevel er det viktig å vera merksame på barna som viser stressreaksjonar ved for eksempel sein levering i barnehage eller hyppige fridagar. Desse barna har mest sannsynleg behov for trygge føreseielege rutinar, og å bli levert i barnehagen til faste tidspunkt.

Definisjon av skulevegring:

Vanskar med å møte på skulen som følge av eit emosjonelt ubehag. (King & Bernstein, 2001 i Havik, 2018)

Målsetjing

- Barn og unge i Suldal kommune skal oppleva tryggleik, inkludering og meistring i barnehage og skule
- Teikn på skulevegring skal oppdagast tidleg og undersøkast nærmare
- Barn og unge som vegrar seg for å gå i barnehage eller skule skal tidleg få rett hjelp og støtte

Oppbygging av rettleiaren

Dette er ein rettleiar som skal bidra til at barn og unge kjem i barnehage og skule sjølv om det opplevest vanskeleg for dei eller føresette. Tilsette i barnehage og skule, PPT og andre støttetjenester skal bruka rettleiaren i arbeidet med å støtta og hjelpa barn, unge og føresette når det er knytt ei uro til høgt fråvær.

Rettleiaren er i hovudsak retta mot skulen, men teikn på vegring kan allereie visast i barnehagen og det førebyggjande arbeidet startar der. Derfor rettar delar av rettleiaren seg også mot barnehag

NÅR SKAL SKULE OG HEIM KJENNA URO KNYTT TIL FRÅVÆR?

Skulefråvær er alvorlig når det går ut over eleven si faglege og sosiale utvikling. Me veit at vanskar med å møta på skulen oftast startar i det små, med fråvær frå timar, delar av dagen eller enkelte dagar. Der er derfor viktig at fråvær vert dokumentert og skulen snakkar med eleven og heimen for å undersøkje og kartleggja når:

1. Eleven har 10 % fråvær, gyldig eller ugyldig.
2. Eleven kjem for seint tre gonger eller meir på ein månad
3. Eleven er borte 10 enkelttimar i ein termin, gjerne med eit mønster i fråværet
4. Eleven møter opp på skulen, men forlatar skulen igjen i løpet av dagen
5. Fråvær som ein veit eller mistenkjer skuldast emosjonelt ubehag knytt til skulen

NÅR SKAL BARNEHAGE OG HEIM KJENNA URO KNYTTA TIL FRÅVÆR?

- Barn som styrer kvardagen sin. Er det barnet eller del føresette som definerer om barnet skal vere vekke frå barnehagen?
- Barn som blir levert jamt over seint ut på dagen med tanke på rutinar
- Barn som ikkje har eit godt sosialt nettverk i barnehagen, eller blir utestengd i leiken
- Barn som tilhøyrrer familiar som er i utfordrande livssituasjonar over kort eller lang tid, døme barn som pårørande
- Barn som har tiltak i barnehagen, og som bør vere tilstade grunna at tiltak skal ha effekt
- Barn som viser teikn på seperasjonsangst (SAD) eller stressreaksjonar når barnet blir levert i barnehagen. Er dette barnet også engsteleg i andre situasjonar/overgongar i barnehagen? Då bør barnehagen jobba med tiltak for å tryggja barn og føresette ekstra. Aktuelle tiltak kan vere føreseielege rutinar, små grupper, gi ros for modig åtferd, COS, snakka om kjensler (psykologisk førstehjelp).
- Barn som klagar over “vondt i magen” og ikkje vil i barnehagen.

Kva kjenneteiknar ein god nærvær barnehage-og skule

- Inkludering er tydeleggjort i barnehagen og skulen sin visjon og mål. Inkludering er ein tenkje-og veremåte, ein verdi og ei haldning som skal gjennomsyra heile verksemda.
- Trygge og gode overgangar (heim-barnehage, barnehage-skule, barnetrinn-mellomtrinn, mellomtrinn-ungdomstrinn og ungdomstrinn-vidaregåande)
- Dei vaksne tek ansvar for å bygga ein god relasjon til alle barn og unge og har ein varm og grensesetjande (autoritativ) tilnærming.
- Den pedagogiske praksisen er prega av medverknad frå barn, unge og føresette og gode demokratiske prosessar
- Alle opplever meistring i barnehage-og skulekvardagen
- Leiar i barnehage og skule vidareutviklar og gjennomgår, saman med profesjonsfellesskapet, felles standard for god gruppe-og klasseleiing kvart skuleår.
- Pedagogisk leiar og kontaktlærer følgjer rutine og bekymringsgrense for fråvær
- Barn og unge med behov for tilpassa læring, får dette i det ordinære felleskapet, også elevar med høgt læringspotensial.
- Tilsette, elevar og føresette er kjent med rettleiar for fråvær
- Barn og unge opplever å vera motiverte

Førebygging og tidleg innsats

Førebygging handlar først og fremst om universelle tiltak som rettar seg mot alle barn og unge. Dei førebyggjande tiltaka vil i stor grad inngå som ein del av den ordinære allmennpedagogiske praksisen i barnehage og skule. Døme på førebygging av fråvær i barnehage og skule er:

- Skuleleiinga set tema «Korleis byggja ein god relasjon» på agendaen årleg
- Relasjonell gruppe-og klasseleiing der ein er medviten på bruk av kroppsspråk, blikk og stemmebruk for å skapa eit trygt og godt leike-og læringsmiljø
- Eit positivt barne-og elevsyn
- Eit inkluderande barnehage-og skulemiljø
- Systematisk arbeid gjennom profesjonsfellesskapet
- Godt samarbeid mellom barnehage, skule, PPT, helsesjukepleiarar i laget rundt barnet.
- Oppmuntra føresette til korleis dei kan bidra til sosial aktivitet og vennskap utanom skuletida. Til dømes vennegrupper og foreldremøte saman med elevane
- Framsnakka kvarandre: skule om heim, og heim om skule.
- Foreldremøte kan brukast til å finna felles forståing; når skal barnet vera heime? Trygge foreldre i å presse passeleg, opne opp for dialog med barnehagen/skulen på dagar som er vanskelege.
- Kjennskap til og følgjer rutinar og bekymringsgrensa for fråvær
- Tidleg kontakt, ved første fråvær.
- Opplegg dei første vekene i skuleåret
- Bruk av pedagogisk analyse, for å finna oppretthaldande faktorar. I samband med forståing for kva som kan vera risikofaktorar og faktorar som beskyttar for barn og unge.
- Tilby kurs i COS-P for foreldre
- Strategi for inkluderande fellesskap i barnehage og skule
- MOT

TIDLEGE TEIKN PÅ UROVEKKJANDE FRÅVÆR:

- Forseintkomming
- Teikn på mistrivnad frå barnet/eleven
- Likegyldigheit og mangel på meistring
- Ekstremt inneslutta eller sjenert
- Snakkar aldri høgt i gruppa/klassen
- Snakkar ikkje med vaksne eller andre barn, eller berre utvalde vaksne/barn
- Uttrykker plagar, til dømes vondt i hovudet / magen
- Syner motstand mot å vere ute i friminutt eller avhengig av at ein bestemt person er tilstades
- Gir non-verbalt og verbalt uttrykk for å vera nedstemt og/eller redd, anten generelt eller knytt til bestemte situasjonar
- Trekkjer seg frå sosial samhandling og/eller aktivitetar
- Syner motstand mot å delta eller prøver å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen
- Ynskjer å gå heim i løpet av dagen eller vil ringa heim ofte
- Syner utagerande åtferd, til dømes sinne i situasjonar der barnet vert utsett for krav i skulekvardagen
- Er svært utrygg ved barnehage eller skule start / byte, og ordinære tiltak for å tryggja eleven ikkje hjelper

- Sporadisk fråvær frå enkelttimar eller dagar (med eller utan gyldige meldingar)
- Fråvær / vegring for gymtimar eller fysiske aktivitetar
- Barn som viser stressreaksjonar ved levering i barnehagen eller når det kjem på skulen

Lista er ikkje definert som ferdig og teikna kan også vere for andre utfordringar i barnet sitt liv. Ein skal ikkje isolert sjå på slike teikn berre for urovekkande fråvær, men ha heile perspektivet ope. Ein kan også sjå desse teikna ved

- Barn som pårørende
- Barn som blir utsett for vald eller seksuelle overgrep. Ved mistanke om slike utfordringar skal ein alltid ta kontakt med barneverntenesta og/eller politi.



Pixabay.com

Ulike årsaker til skulefråvær

Skulen skal vere merksam på om det er eit mønster i fråværet, til dømes på bestemte dagar (måndagar eller idrettsdagar), i dei same enkelttimane (musikk eller kroppsøving), ved bestemte aktivitetar eller lærarar.

Dersom ein oppdagar eit slikt mønster må skulen undersøka dette nærmare ved å snakke med elev og føresette (sjå verktøy). Før ein set i verk tiltak treng skulen å vita kva som skapar fråvær, og kva som opprettheld det. Mønsteret i fråvær seier noko om årsaken(e) til fråværet, og utløysande faktorar er ofte noko anna enn opprettholdande faktorar.

Kearney (2008) deler omgrepet skulevegring inn i fire kategoriar, der eleven:

Unngår negative opplevingar

1. Unngår skulerelatert situasjonar som framprovoserer negative kjensler som uro og å vera lei seg.
2. Unngår vurderingssituasjonar som munnlege presentasjonar og friminutt

Oppnå positive opplevingar/goder

3. Søker andre forsterkningar og opplevingar utanfor skule, som til dømes dataspel, vener osv.
4. Har eit ønske om merksemd frå viktige andre, til dømes føresette, vener utanfor skulen osv.

Skulefråvær kan sjåast på som eit symptom på noko som er utfordrande eller vanskeleg i livet til barn og unge. Det er viktig at dette blir forstått i ein heilskapssamanheng, slik at det ikkje blir leita etter individuelle årsaksforklaringar. Ingul forklar årsaker ut frå individuelle, relasjonelle og strukturelle forhold. I kartlegginga av årsaker er det viktig å ha med alle perspektiva for å sikra god forståing og iverksetting av tiltak (Ingul, 2014). I Suldal brukar me pedagogisk analyse for å sikra at me får med alle perspektiva.

Sjå meir om kartlegging av årsak i verktøykassa.

Risiko og faktorar som beskyttar

I fylgjande oversikt er det lista opp dømer på risiko- og faktorar for å beskytta med tanke på utvikling av skulevegring:

	Risikofaktorar	Faktorar som beskyttar
Faktorar hos barnet/eleven	<ul style="list-style-type: none"> - Sårbar for stress - Sjenert, blyg, inneslutta - Uro for andre ting enn skule - Låg sosial kompetanse - Få eller ingen vener 	<ul style="list-style-type: none"> - God sosial kompetanse - Prososiale ferdigheiter - Minst ein god ven - Gode meistringsstrategiar - Positivt sjølvbilete - Meistring av barnehagekvardagen - Skulefagleg meistring
Faktorar hos familien	<ul style="list-style-type: none"> - Samspelsvanskar i familien - Psykiske lidingar hjå føresette - Manglande grensesetting - Lite sosialt nettverk - Føresette med eigne negative erfaringar med barnehage/skule - Føresette som er utrygge på om barnet har det bra på/i barnehagen/skulen 	<ul style="list-style-type: none"> - God psykisk helse - Tydeleg, varm grensesetting - Aktiv involvering i barnehage- og skulekvardagen til barnet - Støttande sosialt nettverk - Godt samarbeid mellom heim og barnehage/skule
Faktorar i barnehage og på skulen	<ul style="list-style-type: none"> - Manglande rutinar for registrering og handtering av fråvær - Høgt fråvær hjå dei tilsette - Dårleg klasse- og læringsmiljø - Mobbing - Lite kompetanse på psykiske lidingar - Lite tilpassa opplæring - Lite føreseieleg undervisning - Dårleg skule-heim samarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> - Trygg relasjon mellom dei tilsette på skulen/barnehagen, barnet og barna imellom - Interne støttesystem og gode rutinar - Tidleg involvering av andre aktørar; støtte- og hjelpetenester - Handlingskompetanse på intervensjon ved urovekkjande fråvær og skulevegring. - Gode rutinar for føring av fråvær

Tiltakstrapp - Kva gjer me trinn for trinn etter BTI-modellen?

NIVÅ 3 - TVERRFAGLIG TEAM VERT ETABLERT — VURDERA NY STAFETTHALDAR

- ✓ Leiinga sørger for å etablere eit tverrfagleg team og det vert bestemt ein stafetthaldar
- ✓ Innehent andre faglege perspektiv og inviter aktuelle aktørar til tverrfagleg team, til dømes psykolog, barne-og familieteam, lege og SLT
- ✓ Meir omfattande kartlegging av risiko og ressursar vert gjennomført - verktøykassa
- ✓ Nye tiltak ut fra kartlegging
- ✓ Jamnleg evaluering, også der fråværet vert langvarig
- ✓ Ein vaksenperson med relasjon til barnet eller ungdommen fortset å halda kontakt
- ✓ Evalueringsmøte — avgjerd om vidare koordinert innsats/vurdera tilvising til KE

NIVÅ 2 — JOBB I TVERRFAGLEG SAMARBEID

- ✓ Drøft vidare med leiinga, PPT og helsesjuepleiar tilstades for bedre forståing av årsak i tett samarbeid med elev og foresatte.
- ✓ Kontaktlærer kallar inn elev og føresette til møte innan 1 veke
- ✓ Nye tiltak vert utarbeida i samarbeid med elev og foresatte
- ✓ Evaluering etter 3 veker - har tiltak hatt effekt? Har nærværet auka?
- ✓ Er det fortsatt behov for tiltak må ein vurdera å laga ein ny tre vekers plan eller gå til nivå 3.

NIVÅ 1 — MØTE MED ELEV, FØRESETTE, KONTAKTLÆRAR OG LEIING — INNAN 1 VEKE

- ✓ Mål for møtet: Kartlegging av situasjonen, finna tiltak, samtykke til og oppretta ein stafettlogg
- ✓ Kall inn PPT og/eller helsesjuepleiar ved behov etter avklaring med føresette og elev
- ✓ Bruk forenkla kartleggingskjema av årsak
- ✓ Hugs å nytta pedagogisk analyse her.
- ✓ Bruk tiltaksbanken- finna tiltak.
- ✓ Bruk mal for møtereferat/stafettloggen
- ✓ Planlegg og iverksett tiltak
- ✓ Evaluer etter 3 veker - har tiltak hatt effekt? Har nærværet auka?
- ✓ Dersom det fortsatt er grunn til bekymring, gå til nivå 2

NIVÅ 0 — DEFINER UROA TIL LEIAR OG SNAKK MED ELEVEN OG FØRESETTE SAME DAG

- ✓ Uttrykk omsorg for eleven
- ✓ Still opne spørsmål
- ✓ Sikre deg dialog med eleven i tillegg til evt telefon til føresette
- ✓ Bruk gjerne forenkla kartleggingskjema av årsak i forkant av nivå 1 - sjå verktøykassa
- ✓ Bruk pedagogisk analysemodell for å sjå på oppretthaldande faktorar til fråværet
- ✓ PPT skal involverast med kompetanseutvikling og støtte til skulen
- ✓ Dersom bekymring vert avkrefta — avslutt
- ✓ Dersom det fortsatt er grunn til bekymring - gå til nivå 1

Kva kan dei ulike tenestene som har hjelpeteneste bidra med inn i samarbeid ikring fråvær frå barnehage og skule?

HELSESTASJON- / SKULEHELSETENESTA:

- Støtte i samarbeidet mellom heim og barnehage/skule
- Delta i nettverksmøter, BTI-team og det profesjonelle læringsfellesskapet
- Tilby støttesamtalar / oppfølging av barnet / eleven
- Helsesjukepleiar i skulane har fast kontortid, dette skal vera kjent på skulen si heimeside
- Tenesta kan tilby råd og rettleiing til føresette
- Open dør

PPT – PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE:

- Gi rettleiing og samarbeider med skulen på individ og systemnivå etter BTI modellen
- Deltak på nettverksmøte i skular og barnehagar
- Deltak i BTI-team
- Ved urovekkjande skulefråvær er det viktig at PPT får melding raskt og vert invitert inn i samarbeid med føresette og skule.

BARNE-OG FAMILIETEAM:

- Arbeider saman med skule, føresette og barnet etter BTI modellen
- Ved fråvær der utfordringar i heimen er knytt til fråvær, ønskjer BFT å bli kobla på i samråd med familien og etter BTI modellen.
- Samarbeider med familien og barnet om kartlegging i heimen, vegleiing og tiltak
- Lågterskel-teneste
- Deltak i BTI-team

BARNEVERNET:

- Støtte i samarbeidet mellom heim og barnehage/skule
- Arbeider saman med skule, føresette og barnet etter BTI modellen
- Kartlegg situasjonen som familien har
- Føresette kan få rettleiing til situasjonen i heimen og evt. andre tiltak etter behov og ressurs
- Vurderer situasjonen etter lov om barneverntenester

FASTLEGANE:

- Fastlegane opplever ein auke i henvisningar frå elevar der ein ønskjer ei avklaring av kor vidt «vondtene» er forårsaka av sjukdom. Fastlegane kan i slike tilfelle trekkast inn i nettverksmøter for å trygga alle om at det ikkje er farleg for barnet å gå på skulen.

LOS- PROSJEKTSTILLING (haust 2021 – 2023)

- Losen kan og bidra med førebyggjande arbeid i skulen både med kompetanseheving knytt til system og individ i samråd med leiar på skulen og PP-rådgjevar.
- Losfunksjonen skal vera i tett dialog med støttetjenester på skulen og vera ein del av laget rundt barnet. Her kan det og vera eit samarbeid i høve kurs for dei tilsette på skulen.
- Losen følgjer kommunale planar.
- Dersom eleven har eit aukande fråvær som ikkje har kjend årsak skal Losfunksjonen ha kontaktpunkt dei dagane eleven ikkje er på skulen. Kontaktpunkt kan blant anna vera oppmøte i heim, telefon, tur med bil eller anna. Målet er å driva motivasjonsarbeid.
- Losen skal og jobba med førebygging hos elevar som har utvikla risikofaktorar i høve tryggleik, traume, meistring og trivsel. Dette kan til dømes vera elevsamtalar.

Nyttige lenker og litteratur

[Norsk Psykologforening](#)

[Ressursside UiS](#)

[Podkast-Lærerrømmet Skolevegring, hva er løsningene](#)

[Utdanningsdirektoratet](#)

[Podkast-Læringsmiljøsenderet-Fravær](#)

[Utdanningsforskning.no](#)

Lowerk

Permisjon frå den pliktige opplæringa - [Opplæringsloven § 2-11](#)

Føring av fravær i grunnskolen - [Forskrift til opplæringsloven § 3-41](#)

Grunnlaget for vurdering i fag - [Forskrift til opplæringsloven § 3-3](#)

Varsling - [Forskrift til opplæringsloven § 3-7](#)

Foreldresamarbeid i grunnskolen – [Forskrift til opplæringslova §](#)

[20-3](#)

[Retningslinjer for føring av vitnemål og kompetansebevis](#)

[Tolkningsuttalelser om fravær](#)

Kjelder:

Havik, T. (2018). Skolefravær: Å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring (1. utgave. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.